

Lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar-2022

§ 1 Føremål

Føremålet med denne lokale forskrifta er å hindre forureining og helseproblem, samt redusere brannfaren i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2 Virkeområde

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innafor kommunegrensene.

§ 3 Definisjonar

I denne forskrifta meiner ein med følgjande:

- a. *Open brenning*: all brenning som skjer utandørs, inkludert bråtebrenning og grasbrenning.
- b. *Småomnar*: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Klima- og forureiningsdirektoratet / Statsforvalteren eller er tillate etter statelege forskrifter etter forureiningslova.
- c. *Reint trevirke*: trevirke som ikkje er malt, lakka, impregnert m.m.

§ 4 Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode, med mindre noko anna følgjer av § 6 i denne forskrifta.

§ 5 Tidsavgrensa forbod mot brenning i skog og utmark

I tidsrommet 15. april til 15. september forbodet å gjere opp eld i eller i nærleiken av skog og annan utmark utan løyve frå brannsjefen., jf. forskrift 01.januar 2016 nr. 1710 forskrift om brannforebygging § 3.

I Hareid kommune er det i denne perioden heller ikkje lov til å brenne i annan utmark, som lyng, kratt og gras.

§ 6 Unntak frå forbodet

Følgjande open brenning skal likevel vere tillate:

- a. Open brenning på grillinnretningar, utepeisar og kaffibål.
- b. Brenning av reint trevirke, avispapir og liknande i vedomn.
- c. Lyng-eller grassviing i tilknytning til jordbruk, flatebrenning eller brenning av hogstavfall i skogbruket. I slike tilfelle er det krav om at det skal vere ein ansvarleg leiar som har ansvar for at brenninga vert gjennomført på ein forsvarleg måte. Brannvakta skal ha melding per telefon i god tid før slik brenninga skal gjennomførast. Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall (greiner, gras og

lauv) utafor definerte forbodsoner (sjå temarettleiar «Forbodsoner ved bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall»), så lengje det ikkje er til plage eller uroar naboar og andre personar..

- d. Bålbrenning jonsokaftan på stader med liten fare for brannspreiing. Det som vert brent skal vere reint trevirke og/eller organisk materiale. Grunneigar må ha gjeve løyve, og brannsjefen må ha fått melding.

§ 7 Dispensasjon

Kommunen kan i særlege tilfelle dispensere frå forbodet i § 4 etter søknad, jf. også § 6.

§ 8 Tilsyn

Brannsjef i Hareid og Ulstein brannvesen fører tilsyn med at føresegna i denne forskrift vert haldne. Brannsjef i Hareid og Ulstein brannvesen har mynde til å stoppe brenning som er i strid med denne forskrifta.

§ 9 Klage

Vedtak gjort av brannsjef i medhald av denne forskrift kan klagast til kommunen sitt klageorgan.

§ 10 Straff

Brot for føresegnene i denne forskrift kan medføre straffeansvar etter forureiningslova.

§ 11 Forskrifta trer i kraft

Forskrifta trer i kraft frå xx.xx.xxxx. Vedtatt i Hareid kommunestyre
xx.xx.xxxx